

10/1-2007 kopi: ordfører
rådmann

SØR-AURDAL KOMMUNE PLAN, NÆRING OG UTRYGGING	
Arsaksnr.	Dok.nr.
07/118	194
8 JAN 2007	
Der ref:	
Vår ref:	06 / 48161- 1
Dato:	20.12.2006
Org.nr:	985 399 077
Ark kote	S
Avdeling	Saksbn.
Konsesjonsnr	Albert
Gradering	

Hedalen Vannverk
Teknisk kontor
2930 BAGN

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

Tilsynskampanje drikkevann 2006

I samband med ei nasjonal tilsynskampanje på drikkevatn, var Tor Wang og Jorunn Elise Veflen frå Mattilsynet, Distriktskontoret for Valdres, samt Elisabeth Harrang frå Mattilsynet, DK Gjøvik Toten og Land, på revisjon hjå Hedalen kommunale vassverk den 13.12.2006. Frå vassverket/kommuna møtte teknisk sjef Albert H Sijtsema, oppsynsmann Odd Arne Olsen samt Jan Rustø frå uteseksjonen.

Bakgrunn for kampanja:

Mattilsynet skal i perioden frå november til utgangen av februar 2007 gjennomføre ei nasjonal tilsynskampanje med fokus på drikkevassforsyninga. Mattilsynet har ansvaret for drikkevassforvaltninga og vil intensivere tilsynet med vassforsyningsanlegg for å sikre at dei leverar helsemessig trygt drikkevatn, i nok mengde og med god nok leveringstryggleik.

Målet med kampanja:

- styrke tilsynet med vassforsyningsanlegg for å sikre at dei leverar helsemessig trygt og bruksmessig tilfredsstillande drikkevatn.
- Medverka til at delen av Noregs befolkning som mottek drikkevatn frå godkjente vassverk aukar.
- Vidareutvikla kompetansen på drikkevatnforvaltning hos Mattilsynets tilsynspersonell
- Fremja heilskapleg tilsyn på drikkevatnområdet

Hovudfokus på denne kampanja er revisjon av distribusjonsnettet, prøvetaking og beredskapsplan til vassverka.

Hovudinntrykk

Vi vart godt motteke av ein stab med god oversikt over vassverket sitt. Dette er eit lite vassverk, etablert i 1970, med ca 2 km leidningsnett i 110mm PVC, og med svært lite lekkasje. Av 2 brønner i fjell er ein stengt pga høgt fluorinhald (2,5 mg/l). Brønnområdet er ikkje fysisk beskytta av gjerde eller liknande. Pumpehuset har 40 m³ basseng og vatnet vert pumpa ut nettet via hydroforanlegg. Det finnes ikkje høgdebasseng.

Mattilsynet Distriktskontoret for Valdres	Saksbehandlar Jorunn Elise Veflen Tlf 61 34 27 06 Besøksadresse: Kongsvegen 79, 2920 Leira	Postadresse: : Felles postmottak Postboks 383, N - 2381 BRUMUNDAL Telefaks: + 23 21 68 01 E-post: postmottak@mattilsynet.no
--	--	---

Historisk kan det synast til analyseresultat med stort sett god vasskvalitet over fleire år, og det er svært positivt at alle prøveresultat vert lagt ut på nett slik at forbrukerane kan gå inn å sjå på dette.

Det er likevel fleire svake punkt i førebyggjande tryggleik idet ein manglar dobbelt hygienisk barriere, og ein manglar ein konkret beredskapsplan for å takle dei mest sannsynlege kriser som kan oppstå mhp mogleg helsefare og leveringssvikt i eit slikt anlegg. Det er også behov for generell opprusting av vassverksbygget.

Revisjonen vart utført i tråd med føringar i kampanja. Det vart gjennomgang av dei ulike punkta ved hjelp av spørjeskjema. Resultata vert innrapportert sentralt og blir evaluert i ein samlerapport. Denne rapporten syner kva vi vil rapportere om Hedalen vassverk, samt ein kommentar eller forklaring der det er hensiktsmessig å taka med. Kommentarane er ikkje med i den sentrale evalueringa.

Vurdering av vassverkets prøvetaking av råvatn og drikkevatn:

	JA	NEI	DELVIS	FORKLARING
Vassverket har prøvetakingsplan for råvatn		X		Vatnet har pr. d.d. ikkje har noko behandling før det går på nettet. Vassverkseigar har difor sett på råvassprøver som ikkje nødvendig. Ein skal likevel ta prøve av råvatnet, så nær råvasskjelda som mogleg. Dette på grunn av at det er ein del andre parametre det vert analysert for i ei råvassprøve.
Prøvetakinga av råvatnet tilfredsstiller minimunskrava i drikkevatnforskrifta		X		
Vassverket har prøvetakingsplan for drikkevatn	X			Ein prøve av drikkevatn pr. månad iht leveringsplan sett opp av Valdreslab AS.
Prøvetakinga av drikkevatnet tilfredsstiller minimunskrava i drikkevatnforskrifta	X			
Val av prøvetakingspunkt på nettet baserast på ei tilfredsstillende risikovurdering		X		Prøvetakingspunkt er ikkje basert på risikovurdering. M.a. vert det kun teke prøver på få stader og ikkje rundt om på heile leidningsnettet. Det er ikkje vurdert risiko ved val av prøvetakingspunkt, ein har her teke prøvene ut frå tilgjengelighet til prøvetakingspunktet. Prøveuttak på skulen representerar eit endeuttag, men berre på ei grein av nettet. Nettet har moglegheit for rundkjøring men denne er ikkje i bruk.
Det vert nytta akkreditert laboratorium for dei prøver som krev det	X			
Vassverket har avtale med lab. For å få beskjed om prøvesvar som ikkje tilfredsstiller krava	X			Munnleg avtale med Valdreslab AS. Det vil verta utarbeidd skriftleg avtale.

Analyseresultata vert bearbeidd og arkivert med tanke på praktisk bruk av dataene	X			Analyseresultat vert motteke, vurdert og arkiverast hjå teknisk sjef. Det vert og gjeve kopi til driftsoperatør. I tillegg vert alle analyseresultat lagt ut på heimesidene til kommunen slik at abonnentar og andre kan sjå på dei. Dette er fint!
---	---	--	--	---

Vassverket er bevisst på varslingsplikt til abonnentar og har klar prioritering av sårbare abonnentar (ikkje skriftleg), men er ikkje tilstrekkeleg klar over den varslingsplikta dei har til tilsynsmyndigkeit iflg drikkevannsforskrifta § 7 og tiltakstypene A, B og C i vedlegget til forskrifta.

Vurdering av vassverkets leidningsnett, basseng og pumpestasjonar.

	JA	NEI	DELVIS	FORKLARING
Det føreligg rutinar som sikrar at nyanlegg er klargjort for tilfredsstillande reinhald			X	Er ute og ser når røyr vert lagde, tek ein del bilder til dokumentasjon. Og baserer seg vidare på rapport om at arbeidet er utført slik det skal. Kartverk for ledningsnett under utarbeiding samt billeddokumentasjon av alle kummane.
Det føreligg plan for reingjering av leidningsnett og basseng		X		
Vassverket har tilgang til mobilt kloreringsutstyr	X			Det står mobilt kloreringsutstyr i vassverket. Dette har imidlertid aldri vore i bruk, og ein bør teste det før å sjå at det virkar, slik at ein kan nyta det om det skulle vera nødvendig.
Etter arbeid på nettet vert dette normalt kloret			X	Ein bør gjera dette før kvar gong.
Det føreligg vedlikehaldsplan for leidningsnett, basseng og pumpestasjonar		X		Det føreligg ikkje konkrete eller skriftlege planer. Alt leidningsnett er i PVC.
Det er i hovudsak gjennomført tiltak som hindrar innsug/tilbakeslag som kan forureine drikkevatnet			X	Det er ingen private brønner tilkopla nettet. Alle anboringer skjer i kum. Ved stort vassuttak (brann o.l.) kan dei øvste delane av nettet vera trykklaust med fare for innsug. Ikke mjukstart av pumper.

Vurdering av vassverkets beredskapsplan:

	JA	NEI	DELVIS	FORKLARING
Det føreligg ein skriftlig beredskapsplan		X		Det foreligg ingen beredskapsplan for vassverket. Her har ein tenkt på den kommunale beredskapen. Ein må utarbeida ei eiga plan for vassverket slik at ein har beskrevne rutiner for aktuelle hendingar. Kven som skal varslast osb.
Aktuelle uønska hendingar er kartlagt			X	Ein er eit stykke på veg om ein set seg opp eit system slik ein har byrja med på Gulsrud vassverk.

Det føreligg ROS analyser over aktuelle hendingar	X		Det vart opplyst at dette ville utarbeidast, med utgangspunkt i det som har vorte gjort på Gulsrud vannverk.
Det et satt operative mål for vassleveransa ved uønska hendingar	X		Når abonnentar kopla seg til vart det skreve avtaler. Denne bør det pusses stov av. Om ein vil kjøre vatn ein an stan i frå om det skjer noko, er dette greitt, men det bør stå nedskreve rutiner.
Det er helde beredskapsøvingar etter år 2000	X		Det har ikkje vore nokon beredskapsøving spesifikt på vatn.
Det er planer for informasjon til spesielle abonnentar		X	Det er ikkje lagt fram nokon plan. Hedalsheimen og mjølkeprodusentar vart nemnde som prioriterte abonnentar.

Godkjenningstatus

Hedalen vassverk var med i prosjekt "Godkjenning av vannverk i Valdres" og det vart sendt ein søknad om godkjenning til Næringsmiddeltilsynet i Valdres 29.12.03. Søknaden mangla IK-Mat dokumentasjon og har status: ubehandla. Vassverket kan ikkje godkjennast før internkontroll, med eit minimum av skriftleg dokumentasjon, er etablert. I søknaden ligg det og ei tiltaksplan med fleire punkt , m.a. installasjon av desinfeksjonsanlegg innan 2004. Tiltaksplanen er ikkje gjennomført. Det er Mattilsynet, DK Valdres si meining at det ikkje er grunnlag for unntak for det generelle kravet om desinfeksjon i drikkevanns-forskriften § 14. Uttaket av grunnvatn ligg i eit sårbart område og beskyttelsen rundt brønnane er svak. Tilfeldig forureining i pumpehuset vil havne i reintvatnsbassenget under pumpehuset gjennom dårlige luker og usikra opningar for røygjennomføringar. DK Valdres vil difor presisere kravet om desinfeksjon i form av vedtak med tidsfrist. Det kan nyttast ulike desinfeksjonsmetoder, men det som er mest aktuelt og som vart omtala under revisjonen, er UV-desinfeksjon.

Under revisjonen vart det gjeve fylgjande 4 varsel om vedtak:

Varsel om vedtak 1 :

Vassverket må utforma eit interkontrollsysteem tilpassa vassverket.

Heimel:

Forskrift 2001- 12-04 nr.1372, om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevatnsforskrifta), §5

Forslag til frist for utbetring av vedtak: 15.06.2007

Varsel om vedtak 2 :

Vassverket må utforma ei prøvetakingsplan som er basert på ei risikovurdering.

Heimel:

Forskrift 2001- 12-04 nr.1372, om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevatnsforskrifta), §10

Forslag til frist for utbetring av vedtak: 31.01.2007

Varsel om vedtak 3 :

Vassverket må utarbeida ei beredskapsplan for vassforsyninga.

Heimel:

Forskrift 2001- 12-04 nr.1372, om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevatnsforskrifta), §11

Forslag til frist for utbetring av vedtak:15.06.2007

Varsel om vedtak 4 :

Vassverket må etablere desinfeksjon. Dersom ein vel UV-behandling som desinfeksjonsmetode anbefalast at anlegget er typegodkjent av Folkehelseinstituttet.

Heimel:

Forskrift 2001- 12-04 nr.1372, om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevatnsforskrifta), §14


Forslag til frist for utbetring av vedtak:15.06.2007

Uttalefrist: 12.01.2007 for alle 4 forslaga til vedtak.

Venleg helsing
MATTILSYNET



Øyvind Tronstad
Distriktsjef



Jorunn Elise Veflen
Fyrsteinspektør

Vedlegg: informasjon om klagerett.

(1) Avsendar	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje og fjerde ledd)	
Mattilsynet Distriktskontoret for Valdres Postboks 383 2381 Brumunddal		
(3) Mottakar (namn og adresse)	(2) Dato	(4) Klageinstans
Hedalen Vannverk Teknisk kontor 2930 Bagn	04.01.2007	Mattilsynet, Regionkontoret for Oppland og Hedmark

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.

Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som fylgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre - 3 – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgi datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevja grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere: <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.
Utsettjing av gjennomføringa av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen
Kostnadane med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivil-ombodsmannen	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.